



LINDÅS KOMMUNE v/Frøydis Ones  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 06.02.2018  
Vår ref.: 2017/17390-5  
Saksbehandlar: ingsetr  
Dykkar ref.:

## **TILSEGN OM TILSKOT PÅ INNTIL KR 333 000 TIL UTVIKLING AV GRØN MOBILITET - MOGLEGHEITSSTUDIE: UTVIDING AV HAGELSUNDET BRU MED GANG- OG SYKKELFELT – TILSEGN-015-2018.**

Vi viser til søknaden dykkar med prosjektplan, datert 30.11.2017, om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 333 000 til prosjektet frå budsjettet for Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland.

Fylkeskommunen si tildeling gjeld inntil 1/3 (33%) av utløyste prosjektkostnader. Dersom resultatata av moglegheitsstudia som er skissert i fase 2 av prosjektet gir negative resultat vert prosjektet avkorta med at fase 3 med 4 ikkje lar seg gjennomføre. Når prosjektorganiseringa med arbeidsgruppe og prosjektleiar er på plass, ynskjer vi orientering om dette. Hordaland fylkeskommune ved Gunhild Raddum frå Samferdselsavdelinga deltar som observatør i prosjektet.

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføre prosjektet som planlagt.

Tilsegna gjeld til 01.08.2019. Eventuell søknad om forlenging av tilsegna må sendast sakshandsamar før denne dato.

### **1. Prosjektgrunnlag**

Følgjande opplysningar er henta frå søkjar si beskriving av søknaden;

#### **Bakgrunn**

*Lindås og Meland ynskjer å få vurdert ei utviding av Hagelsundet bru ved at nytt gang- og sykkelfelt vert bygd på sørsida av eksisterande bru. Hovudmålet med dette er å gje betre rammer for gåande og sykklande over Hagelsundet bru. Som tilleggsgjevinst vil vi få breiare køyrefelt for bilar. Trafikksituasjonen vert tryggare for alle trafikantgrupper, og beredskapsstyrken får akseptable forhold i nødssituasjonar. Moglegheitsstudien er viktig for å få avklart om det er mogleg å betre forholda for gåande og sykklande samt utrykningstenesten i kommunane.*

#### **Prosjekt mål**

*Vi ynskjer å få svar på om det er mogleg å få bygd eit ekstra G/S felt på brua. Dette vil leggjast til grunn for seinare planlegging. På lengre sikt er dette positivt i helse, miljø og klimaperspektiv.*

#### **Tids- og aktivitetsplan**

*Fase 1: januar til april 2018: Forarbeid til mulighetsstudien*

*a) Etablere prosjektorganisasjonen - prosjektleiar og arbeidsgruppe*

- b) Utarbeide anbodsdokument  
c) Inngå kontrakt med konsulent

*Fase 2: mai til september 2018: Moglegheitsstudie kapasitetsanalyse av dagens bru  
Dette arbeidet skal avklare dimensjonering av eventuelt påhengt gangbane.  
Arbeidet vert avslutta med leveranse av delrapport.*

*Fase 3: september 2018 til januar 2019 Moglegheitsstudie for ei konkret løysing - i to alternativ  
Arbeidet byggjer på konklusjonane i fase 2, og er ei detaljering for to moglege løysingar. Arbeidet vert avslutta med leveranse av delrapport.*

*Fase 4: januar 2019  
Leveranse av samla rapport med presentasjon*

### Organisering

Prosjekteigar: Lindås kommune  
Prosjektleder: Frøydis Ones

Organisasjonsnr.: 935084733  
Epost: froydis.ones@lindas.kommune.no

#### Prosjektorganisering:

Prosjektleder er ikkje bestemt endeleg. Den konkrete prosjektorganiseringa vert fastsett når finansieringa er sikra. Prosjektet vil få ei arbeidsgruppe som vert sett saman av fagpersonell frå Meland og Lindås. I førebuingarbeidet til forprosjektet har fagpersonar på plan og teknisk drift delteke. Brannsjef for Lindås og Meland vert invitert med inn i det vidare arbeidet.

Statens vegvesen skal delta i arbeidsgruppa, og fylkeskommunen vil verte invitert med i prosjektet.

Ved prosjektstart og prosjektslutt vil formannskapet og plan- og miljøutvalet i kommunane få informasjon om prosjektet.

#### Samarbeidspartnarar:

Kommunane Lindås og Meland, Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune

### Forankring i HNH

HNH 2017, «Heilskapleg samfunnsutvikling», innsatsområder i 2017. Regionsenter: *Styrke regionsenter gjennom satsing på næringsutvikling, miljøvennlege transport- og logistikkordningar, og berekraftige bu- og arbeidsområde som fremjar livskvalitet og folkehelse.*

## 2. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan

Løyvd beløp: 333 000 Søknadsbeløp: 400 000

### Godkjend kostnadsplan

Tittel	2017	2018	2019	SUM
<b>Fase 2. Kapasitetsanalyse av dagens bru</b>		140 000		140 000
<b>Fase 3. Løysingsmoglegheit 1 for påhengt gangbru</b>		400 000		400 000
<b>Fase 3. Løysingsmoglegheit 2 for påhengt gangbru</b>		400 000		400 000
<b>Fase 4. Samla rapport</b>			60 000	60 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>0</b>	<b>940 000</b>	<b>60 000</b>	<b>1 000 000</b>

## Godkjend finansieringsplan

Tittel	2017	2018	2019	SUM
<b>Handlingsprogram for næring- og samfunnsutvikling i Hordaland</b>		333 000		333 000
<b>Klimasatsmidlar</b>		400 000		400 000
<b>Lindås kommune</b>		100 000		100 000
<b>Meland kommune</b>		100 000		100 000
<b>Anna eigenfinansiering</b>		67 000		67 000
<b>Sum finansiering</b>		<b>1 000 000</b>	<b>0</b>	<b>1 000 000</b>

## 3. Vilkår for tilskotet

## Generelle vilkår:

- Større endringar i prosjektplanen, derunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjekteigar.
- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan dekkja **inntil 33 %** av dei godkjende kostnader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta.
- Informasjon om prosjektet kan verte omtala på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)
- Hordaland fylkeskommune ved Gunhild Raddum frå Samferdselsavdelinga deltek som observatør i styringsgruppa for prosjektet.

## Profilering

- I alle presentasjonar av, og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.  
Retningsliner for profilering av Hordaland fylkeskommune; [www.hordaland.no/profil](http://www.hordaland.no/profil)

## Delutbetaling

- Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnader (last opp relevante vedlegg).
- Delutbetaling vil verte gjort i høve til godkjend kostnadsprosent på **33 % av akkumulerte kostnader**, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp på kr 0. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt.

## Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Straks prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakaren sende oppmoding om sluttutbetaling gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) under «Ny utbetaling».
- I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport i [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Dette må skje innan -.
- Sluttrapporten og sluttrekneskapen skal handsamast av dei styrande organa i prosjektet og godkjennast av prosjekteigar. Signert *Sluttrekneskap for prosjektet* lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling i [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Dette gjev formelt grunnlag for endeleg utbetaling av tilsegna.
- Statsautorisert- eller registrert revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn over kr 100 000.
- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

## Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i løyvingsreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føreset.

## Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen eller på epost til [regional@hfk.no](mailto:regional@hfk.no). Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

## Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Gunhild Raddum

Epost: [Gunhild.Raddum@hfk.no](mailto:Gunhild.Raddum@hfk.no)  
Telefon: 55239354

Ingeborg Sofie Sætrevik

Epost: [Ingeborg.Sofie.Saetrevik@hfk.no](mailto:Ingeborg.Sofie.Saetrevik@hfk.no)  
Mobil: 40806289

Vi ynskjer dykk lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing

Bård Sandal  
fylkesdirektør Regional utvikling

Arthur K. Arnesen  
fung.næringssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Standardvilkår og Sluttrekneskapsskjema

Vi ber om at de signerer og returnerer følgende standardvilkår innen 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

### Standardvilkår for Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

**Prosjektnamn:** Utvikling av grøn mobilitet - mogleighetsstudie: Utviding av Hagelsundet bru med gang- og sykkelfelt

**Tilsegnsnr.:** Tilsegn-015-2018                      **Løyvd beløp:** 333 000

**Vår ref. (arkiv):** 2017/17390

---

#### Følgjande kontrollerast av tilsegnsmottakar:

**Tilsegnsmottakar:** Lindås kommune

**Postadresse:** Postmottak Kvernhusmyrane 20,  
5914 ISDALSTØ

**Org.nr.:** 935084733

**Kontaktperson:** Frøydis Ones

**Telefon:** 56375633                      **Mobil:** 48092884

**E-post:** froydis.ones@lindas.kommune.no

#### Sakshandsamar

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Ingeborg Sofie Sætrevik

E-post: Ingeborg.Sofie.Saetrevik@hfk.no

Mobil: 40806289

**Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.**

Signert standardvilkår av prosjekteigar:

Stad: ..... Dato: .....

Signatur prosjekteigar: .....

**Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen**

**Eller på epost til sakshandsamar: Ingeborg.Sofie.Saetrevik@hfk.no**

**HANDLINGSPROGRAM FOR NÆRINGS- OG SAMFUNNSUTVIKLING I HORDALAND  
SLUTTREKNESKAPSSKJEMA**

**Prosjektnamn:** **Utvikling av grønn mobilitet - muligheitsstudie: Utviding av Hagelsundet bru**

**Tilsegnsnr.** Tilsegn-015-2018      **Tilskot inntil kr** 333 000

**Vår ref.:** 2017/17390

**Fyllast ut av tilsegnsmottakar:**

Org.nr. \_\_\_\_\_ Konto.nr.bank/ post \_\_\_\_\_

Namn: \_\_\_\_\_

Postadresse: \_\_\_\_\_

Kontaktperson: \_\_\_\_\_

Telefon/telefaks: \_\_\_\_\_ E-postadresse: \_\_\_\_\_

**SLUTTREKNESKAP:**

**Rekneskapan under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta for budsjett (jf. pkt.2 i tilsegnsbrevet).**

Kostnader:			Finansieringsplan:		
Budsjettpost	Rekneskap	Budsjett	Kjelde:	Sluttfinansiering	Budsjett
			HNH		

**Vi stadfester også at sluttrapporten som vert fylt inn elektronisk i [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) i forbindelse med oppmoding om sluttutbetaling er godkjent av både prosjektleiør og prosjekteigar.**

**Godkjent av prosjektleiør:**

\_\_\_\_\_

dato

\_\_\_\_\_

signatur og stempel

**Godkjent av prosjekteigar:**

\_\_\_\_\_

dato

\_\_\_\_\_

signatur og stempel

**ATTESTASJON AV REVISOR. GJELD BERRE FOR TILSEGN OVER KR 100 000,-.**

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for prosjektet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i sluttrekneskapan. Revisor skal utføre kontrollar som gjev tilsegnsytar ei forvissing om at inntektene/ finansieringa og kostnadane i prosjektet er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrerte i rekneskap/ prosjektrekneskap. Tilskotsmottakarar som ikkje er revisjonspliktige, kan få rekneskapan attestert av autorisert rekneskapsførar.

**Avtalte kontrollhandlingar opp mot sluttrekneskapan for prosjektet er gjennomført.**

**Godkjent av revisor/ rekneskapsførar:**

\_\_\_\_\_

dato

\_\_\_\_\_

signatur og stempel

**Signert sluttrekneskap lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling i [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no)**